
Fra: Dyrkolbotn Leirskule og Fjellstove <post@dyrkolbotn.com>
Sendt: onsdag 4. desember 2019 20.50
Til: Marte Hagen Eriksrud
Emne: Fwd: KPA-feil meir konkret
Vedlegg: KPAfeil.pdf

Oppfølgingsflagg: Følg opp
Status for flagg: Fullført

----- Forwarded Message -----

Subject: KPA-feil meir konkret
Date: Wed, 4 Dec 2019 20:34:20 +0100
From: Dyrkolbotn Leirskule og Fjellstove <post@dyrkolbotn.com>
To: Marte Kyte <kyte.marte@gmail.com>, Hogne Haugsdal <hogne.haugsdal@lindas.kommune.no>, Ørjan Raknes Forthun <orjan.raknes.forthun@lindas.kommune.no>
CC: Juvik Hauge <juvikhaug@gmail.com>, Ordfører Lindås <ordforar@lindas.kommune.no>

Hei igjen

Eg har brukt kvelden på å lese om att og om att avsnitt nr to på side 26 i KPA-føresegnene, under punkt 3.4.7, for å sjå om eg kunne tru mine egne augo. Lovhenvisingane og kva som er fjerna av under-punkt, har eg no sjekka gjentekne gongar. Vedlagt er side 26 med mine kulepenn-påføringar. Aldri i verda om politikarane har meint å vedta betydninga av det som står der! Det er grov diskriminering av huseigarar utanom regulerte bustadfelt blant anna, komunen bind seg sjølv til masta i byggesakshandsaming, og eg trur heile avsnitt to under punkt 3.4.7 er totalt ulovleg.

Eg tenkjer at de må stryke avsnitt 2, og i staden ta inn ein lovleg formulering, som kan klippast ut av Pbl § 11-11 nr 2.

Det bør få konsekvensar for den som har formulert avsnittet. Det var/er eit grovt uansvarleg skadeverk. Desto verre er det om avsnittet har kome inn etter kommunestyrehandsaminga. Det står ikkje noko i nærleiken av dette i høyringsutkastet.

Mvh Signhild Dyrkolbotn